



Til:	
Kopi til:	
Fra:	Kenneth Bergstad Personal og stab

Vår ref.
24/00598-1

Dato
25.03.2024

Permisjon frå skulen -lokal forskrift

Forskrift om permisjon frå skulen i Surnadal kommune

Heimel: Fastsett av Surnadal kommunestyre 20.06.2024 med heimel i lov 9.juni 2023 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2 – 2, fjerde og femte ledd. § 2-2. *Plikt til grunnskoleopplæring*

Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skolen.

Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørger for den opplæringa som må til for at eleven skal kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet.

§1 Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om retningslinjer for søknad om fri/permisjon frå grunnopplæringa/skolen utanom dei oppsette og vedtekne ferie- og fridagane i skuleruta kvart skuleår.

Forskrifta gjeld for alle skulane i Surnadal kommune.

§2 Forsvarleg opplæring

Elevar kan berre få permisjon frå skulen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg.

§ 3 Faste prøver

Det blir ikkje gjeve fri/permisjon i periodar med:

- Statlege kartleggingsprøver
- Nasjonale prøver og elevundersøkingar
- Eksamen og fagdagar, skriftleg og munnleg inkludert førebuingstid

§4 Øvre grense for permisjon per skoleår

Elever kan ikkje få fri/permisjon i meir enn 10 skuledagar per skoleår.

§ 5 Permisjon i 1 – 3 dagar per skoleår

Søknad om permisjon i 1 – 3 dagar i løpet av eitt skuleår blir innvilga, dersom vilkåra i §2 – 2 , fjerde ledd er oppfylt.

Elever som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den Norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har helgedagar, dersom vilkåra i §2-2, femte ledd er oppfylt.

§ 6 Permisjon 4 – 10 dagar per skuleår

Søknad om permisjon i 4 – 10 dagar blir innvilga, dersom vilkåra i §§ 2 – 2, fjerde ledd er oppfylt og det er vektige grunnar for å innvilge permisjonssøknaden.

Vektige grunnar kan til dømes vere spesielle arrangement eller markeringar i samband med familie, deltaking i politisk arbeid, organisasjonsarbeid eller deltaking i idrettsleg eller kulturell konkurranse / stemne / treningssamling på regionalt, nasjonalt eller internasjonalt nivå.

Dette gjelder også for utøving av sentrale verv i politiske eller andre landsdekkande organisasjonar / politisk arbeid på nasjonalt eller internasjonalt nivå.

§7 Saksbehandling

Søknadar om fri for ein til tre dagar per skuleår kan sendes direkte til kontaktlærer gjennom foreldreappen som ein brukar til kommunikasjon. Kontaktlærer behandlar slike søknader ut frå dei generelle vilkåra for å kunne søke om permisjon/fri, slik disse er omtala i denne forskrifta.

Søknad om fritak/permisjon for lengre permisjonar mellom fire og ti dagar, skal det søkast om på eige skjema som ligg på kommunen si heimeside: [Klikk her](#)

Slike søknadar skal normalt sendast inn fire veker før eleven sin aktuelle permisjon startar.

Desse søknadane blir vedtekne at rektor. Vedtak om fritak/permisjon frå skulen er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova med klagerett.

§ 8 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft 01.08.2024.